

# Årsmelding for Hasundgot Fotball 2017

I sesongen 2017 har Hasundgot fotball hatt ca 200 aktive spelarar fordelt på 16 lag. Senior herre har spelt i 6. divisjon. I tillegg har vi hatt 7 jentelag og 8 gutelag i ulike aldersbestemte klasser. Vel 40 trenarar og lagleiarar har vore i sving for å drifte dei ulike laga. Dei fortener honnør og stor takk!

Senior herre i 6. divisjon hadde igjen ein noko ujamn sesong. Vårsesongen starta ikkje spesielt bra og dei vart liggjande som ein middelhavsfarar på tabellen. Haustsesongen vart mykje betre med mange fine sigrar og til dels godt spel. Laget enda på ein heiderleg 4. plass. Arbeidet med å bygge eit nytt lag med mange unge spelarar har fortsett også i 2017. Nær halvparten av spelarane i ein del av kampane var reine juniorspelarar som i tillegg spelte juniorkamper. Dette førte nok til at vi vart noko for lette mot ein del av laga i divisjonen. Trur nok laget kunne hatt godt av å få inn noko fleire seniorspelarar for 2018 for å stabilisere dette. Lars Breivik valgte å gi seg som trenar for senior herrer etter sesongen 2017, men han trappa ikkje meir ned enn at han like godt tok på seg ansvaret for juniorane vår. Takk for innsatsen med A-laget og lykke til med juniorsatsinga vår. På A-laget har vi vore heldige å fått inn 2 trenarar med mykje god erfaring både frå Hødd og Hasundgot. Det er Per Gustavsen og Øystein Muren. Dei har teke utfordringa og satsar friskt mot sesongen 2018.

Vi har dessverre ikkje hatt damelag i sesongen 2018. Vi håper at vi på sikt kan få til damelag. Dette fordrer at der er nok jenter som ønsker å fortsette med fotballen etter 16 års alderen og at vi har eit godt tilbud både på trenersida og støtteapparat for øvrig,

I barne og ungdomsfotballen har vi hatt varierende sportslege resultat. Nokre lag viser stabil framgang med mange gode resultat, mens andre slit med å vinne ein einaste kamp. Grunnen til dette er nok samansett. Stor forskjell i dei ulike kulla har nok ei betyding, men også det å få inn gode personar rundt laga både i form av trenarar og lagleiarar har stor betyding. Laga har i tillegg til seriespel og miniturneringar vore med på fleire cupar gjennom sesongen, beklagelegvis var ingen lag frå Hasundgot med på Norway-cup i 2017. Det vil vi prøve å oppmuntre til i 2018, då vi ser det som ei fin turnering å vere med på for laga i ungdomsfotballen.

Vi har dessverre måtte trekke 1 lag i 2017. Det var J16 laget som dessverre til slutt var berre 4 spelarar igjen av dei opprinnelege 9-10 som starta sesongen. Det har vist seg over fleire år at vi har problem med å halde stabile jentelag når dei kjem opp i 14-16 års alderen. Vi håper at J16 laget for 2018 får ein fin sesong utan slike problemer.

Fleire spelarar frå Hasundgot har delteke på ulike tiltak i regi av Sunnmøre fotballkrets. Blant anna har vi hatt/har vi 6 spelarar frå G12 som har vore med på satelittsamlingar og vist god framgang

Vi har i år og hatt eit lag med i futsal serien. G14 har vore med i haust vinter. Sportsleg har det gått so som so, men spelarane utviklar seg og har det kjekt.

Styret og sportsleg leiar har i året som har gått hatt fokus på følgande:

- Etablere ei styrka satsing på senior og junior fotballen.
- Få ei betre samhandling med Hødd på det sportslege planet med tanke på den flukta vi har hatt problemer med dei siste åra.
- Utarbeide sportsplan for Hasundgot Fotball

Satsinga på senior og junior har som målsetting på sikt å føre Hasundgot opp ein divisjon ellere to. Det er ingen grunn til at vi skal ligge i 6 divisjon med det anlegget og dei tilgangane på ressursar som vi har. Ved å etablere seg på eit høgare nivå sportsleg meiner vi er kjempeviktig for å sikre stabil tilflyt av spelarar også på yngre nivå.

Samarbeidet med Hødd har i 2017 vore bra, der vi har hatt møte med Høddleinga for å etablere ein ny samarbeidsavtale for åra som kjem. Denne avtalen er under utarbeiding av sportsleg leiar og vil forhåpentlegvis bli signert før sesongstart. Denne avtalen skal omhandle korleis vi kommuniserer og spesielt korleis vi håndterer spelarar til og frå klubbane. Hødd har vore veldig imøtekomande i dei samtalane vi har hatt og har og vore på tilbudssida med tanke på å låne ut ressursar i forbindelse med trenarsamlingar og liknande.

Vi har gjennom året og jobba med å få på plass ein sportsplan som tek føre seg korleis vi vil at arbeidet i Hasundgot Fotball skal foregå og der vi har ein raud tråd gjennom arbeidet vi gjer inn mot spelarar og omgivelsane ellers. Planen er no ferdig og publisert til trenarar og lagleiarar. Vi vil og ha ein gjennomgang av denne sportsplanen før sesongen 2018 startar opp.

Det er og verdt å merke seg det gode arbeidet som vert gjort med dommarrekruttering i klubben. Vi har per i dag 3 rekruttdommarar i tillegg til mange klubbdommarar. Hasundgot var ein av 3 klubbar i kretsen som etter sesongen 2017 fekk honnør og pengar for dette arbeidet frå kretsen. Takk til Arnt-Ivar som leiar dette for oss.

Sportsleg leiar, Joakim Rødven har i tillegg til det sportslege ansvaret og hatt ansvaret heimesida vår. Denne kom i ny drakt tidleg i fjor og er meir levande enn på lenge. Viktig at vi fortsetter å sende saker til Joakim sånn at vi kan ta informasjon og kommunikasjon med omverda til nye høgder.

2017 var første året vi inviterte til oppstart for jenter og gutar i august når dei byrjar på skule. Dette er noko vi ser som naturleg å fortsette med, sånn at dei allereie er på plass når ny sesong byrjar etter nyttår.

Vi har i 2017 inngått avtale med ny leverandør av drakter og utstyr. Valget falt på Macron som har vorte ein bra aktør innanfor Norsk fotball siste åra. Årsaken til at vi ville skifte var fleire, men ein av dei viktige var det vi opplevde som dårleg service av Umbro med seine leveringar av utstyr og kle og laber interesse av å ha Hasundgot kle i butikk for prøving og liknande. Vi håpar at Macron kan vise seg tilliten verdig og vere ein god leverandør for oss dei nærmaste åra.

Medlemmar i styret i Hasundgot Fotball 2017 har vore:

Leiar:Runar Muren

Nestleiar:Idar Brekke  
Sportsleg leiar:Joakim Rødven  
Sekretær:Janne Kleven  
Kasserar:Signy Slettebakk  
Material ansvarleg:Kristoffer Holm  
Repr. Senior herre:Lars Breivik  
Dommaransvarleg:Arnt-Ivar Berg  
Fair play ansvarleg:Arnt-Ivar Berg

Det har vore heldt 8 reine styremøter i løpet av sesongen i tillegg til oppstartsmøter før sesongstart og evalueringmøter etter sesongslutt. I tillegg har vi hatt 2 trenerforum der vi har hatt trening og vidareutvikling av trenarar på dagsorden.

Takk til alle spelarar, trenarar, lagleiarar og andre tillitsvalde som har engasjert i Hasundgot Fotball i 2017!

For styret i Hasundgot Fotball  
Runar Muren - leiar